



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato
29.05.2018
Dykkar dato
28.03.2018

Vår referanse
2018/4363 512.1
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Svar - Vått og vilt klima - praktiske klimatiltak for landbruket i Meland

Vi viser til søknad av 28. mars, med korrigert prosjektskisse 6. april om tilskot til prosjektet «Vått og vilt klima – praktiske tiltak for landbruket i Meland».

Fylkesmannen i Hordaland har eigne prosjektmidlar som kan brukast til dette. Søknaden blir difor ikkje vurdert etter tilskotsordninga klima- og miljøprogram i jordbruket 2018.

Vedtak

Fylkesmannen i Hordaland løyver kr 73.000,- til Meland kommune til prosjektet «Vått og vilt klima – praktiske tiltak for landbruket i Meland».

Vurdering

Fylkesmannen i Hordaland vurderer at prosjektet vil vere nyttig for dei utfordringane næringa står overfor når det gjeld tilpassing til venta klimaendringar. Fylkesmannen har tidlegare fått utarbeid rapporten «Tilpassing til eit endra klima. Aktuelle tiltak i landbruket på Vestlandet» (NIBIO RAPPORt vol 2, nr 94 2016).

For å få kunnskapen eit steg vidare er det viktig med praktiske tilnærmingar og tett involvering av næringa. Det er behov for å få fram gode praktiske døme, som blir presentert av gardbrukarar og i samarbeid med rådgivarar. Prosjektet ønskjer å samle kunnskap og gjere denne godt tilgjengeleg for brukaren; bonden. Video og sosiale media vil vere ein viktig del av formidlinga.

Nordhordland kan vere blant dei områda i Hordaland der ein i størst grad kjenner på behovet for tilpassing til mogleg auke i nedbør, i kombinasjon med litt lengre vekstsesong. Eit lokalt prosjekt i Nordhordland vil difor truleg fange opp mange av problemstillingane og vere aktuelt for større område. Vi ønskjer at prosjektet utformar informasjon slik at det i størst mogleg grad vil gjelde heile Hordaland, og ikkje berre Meland kommune. Dette gjeld både faglege problemstillingar, og om det kan vere mogleg å bruke nokre bønder utanfor kommunen i formidlinga.

Framdriftsplan for prosjektet viser planlegging sommaren 2018, og praktisk gjennomføring frå hausten 2018 til hausten 2019, med rapportering desember 2019. Fylkesmannen i Hordaland ønskjer i tillegg ei delrapport innan 30. november 2018, som grunnlag for delutbetaling.

Vilkår og utbetaling

- Arbeidsfrist og rapportering: Det skal leverast delrapport innan 30. november 2018, og tiltaket skal gjennomførast og sluttrapporterast innan 31. desember 2019. Oppmoding om sluttutbetaling og kontonummer skal leggjast ved sluttrapport og prosjektrekneskap.
- Reduserte kostnader i høve budsjett vil vanlegvis føre til tilsvarande reduksjon i tilskotsutbetaling. Andre avvik frå vilkår eller prosjektskildring kan og medføre avkorting.
- Fylkesmannen ønskjer at prosjektet til ein viss grad prøver å bruke problemstillingar og aktuelle bønder også utanfor eigen kommune.

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.